



# Norddal kommune

6210 VALLDAL

## Vedtekter for sylte ungdomshus

1. Sylte ungdomshus er eigd av Norddal kommune. Huset skal inntil vidare verte nytta og stilt til rådvelde for ungdomstiltak, men då slik at bruken kan samordnast med anna bruk. Det politiske utvalet som er ansvarleg for kultursaker er husstyre.
2. Husstyret fastsetter utleigeprisar. Det skal nyttast ulike satsar for faste brukarar av huset og enkeltvis utleige. Dersom ein brukar huset meir enn avtalt, skal det betalast for dette.
3. Kvar brukar av huset skal vaske og rydde etter kvar gong huset har vore i bruk. Dei som leiger huset er ansvarleg for skader som måtte oppstå på hus eller inventar, og pliktar å erstatte desse.
4. Dei som leiger huset er ansvarleg for ro og orden i og omkring huset. Ein må ikkje uroe andre leigetakarar. Det er ikkje lov å bruke rusmiddel i huset, og rusa personar skal visast bort. Politivedtekt for Norddal gjeld for bruk av huset.
5. Dersom ein leigar ikkje rettar seg etter dei reglar som gjeld for huset, kan husstyret for kortare eller lengre tid utestenge vedkommande frå huset.

Vedtektene for Sylte ungdomshus er vedtekne av kulturutvalet i ku.sak 43/93 i møte den 26. august 1993, og revidert av utval for kultur, næring og miljø i knm.sak 24/96 i møte den 21. februar 1996